



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 207 L

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om røystingsrådgjevarar og
lov om endringar i føretakslovgjevinga
(retting av feil m.m.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4	Retting av feil i lovverket m.m.	13
2	Bakgrunnen for lovforslaget	6	5	Økonomiske og administrative konsekvensar	14
2.1	Endringsdirektiv (EU) 2017/828 (SRD II) og aksjonærrettsdirektivet 2007/36/EF	6	6	Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget	15
2.2	Høyringsnotat av 18. november 2019	6	6.1	Til ny lov om røystingsrådgjevarar	15
3	Røystingsrådgjevarar	9	6.2	Til endringane i føretaksregisterlova	16
3.1	Gjeldande rett	9	6.3	Til endringane i prokuralova	16
3.2	Krav til røystingsrådgjevarar i endringsdirektivet	9	6.4	Til endringane i aksjeloven	17
3.3	Forslaget i høyringsnotatet	10	6.5	Til endringane i allmennaksjeloven	17
3.4	Høyringsinstansane sitt syn	10	6.6	Til endringane i lov om Innovasjon Norge	17
3.5	Departementet si vurdering	11		A Forslag til lov om røystingsrådgjevarar	19
3.5.1	Innleiing	11		B Forslag til lov om endringar i føretakslovgjevinga (retting av feil m.m.)	21
3.5.2	Sakleg verkeområde	11			
3.5.3	Lovas stadlege verkeområde	11			
3.5.4	Åtferdsnormer	12			
3.5.5	Særlege opplysningar som skal publiserast	12			
3.5.6	Interessekonfliktar	12			
3.5.7	Tilsynsmyndigheit og registreringsplikt	12			
3.5.8	Sanksjonar	12			



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 207 L

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om røystingsrådgjeverar og lov om endringar i føretakslovgjevinga (retting av feil m.m.)

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 4. juni 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Nærings- og fiskeridepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag til ny lov om røystingsrådgjeverar. Forslaget skal gjennomføre reglar i endringsdirektiv (EU) 2017/828 (SRD II) som endrar direktiv 2007/36/EF med omsyn til å fremme langsiktig aksjeeigarengasjement, som Noreg har plikt til å gjennomføre etter EØS-avtalen. Røystingsrådgjeverar (engelsk: «proxy advisors», bokmål: «voteringsrådgivere»), er føretak som tilbyr aksjeeigare tenester knytte til utøving av aksjeeigarrettar på generalforsamling. Lovforslaget gjennomfører SRD II artikkel 3j. Forslaget til ny lov om røystingsrådgjeverar er omtalt nærare i kapittel 2 og 3.

I proposisjonen fremmer Nærings- og fiskeridepartementet òg forslag til retting av feil m.m. i fem lover som høyrer under departementet; aksje-loven, allmennaksjeloven, føretaksregisterlova, lov om Innovasjon Norge og prokuralova. Rettingane

er av ulik art. I nokre tilfelle har lovteksten blitt utdatert som ei følgje av endringar i andre lover. I andre tilfelle dreier det seg om redaksjonelle feil eller inkuriar. Forslaga er omtalte nærare i kapittel 4.

Økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga er behandla i kapittel 5. Forslaget til ny lov om røystingsrådgjeverar vil påføre plikter og administrative byrder på røystingsrådgjeverar, men vil òg kunne bidra til å skape tillit omkring arbeidet deira. Departementet kjenner ikkje til røystingsrådgjeverar med forretningskontor i Noreg. Forslaget er venta ikkje å ha vesentlege negative næringspolitiske konsekvensar. Forslaga om rettingar reduserer risikoen for misforståingar hos brukarane av lovene. Rettingane inneber ikkje endringar av realiteten, og har ikkje andre økonomiske eller administrative konsekvensar.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Endringsdirektiv (EU) 2017/828 (SRD II) og aksjonærrettsdirektivet 2007/36/EF

Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2017/828 (Shareholder Rights Directive II, SRD II) endrar direktiv 2007/36/EF med omsyn til å fremme langsiktig aksjeeigarengasjement. SRD II vart vedteke 17. mai 2017. Det overordna føremålet med SRD II er å auke aksjeeigarar sin innverknad og leggje til rette for langsiktig eigarskap i noterte selskap.

Forslag til gjennomføring av reglar i SRD II er fremma i tre tidlegare proposisjonar til Stortinget:

- Regjeringa fremma Prop. 135 L (2018–2019) *Endringer i aksjelovgivningene mv. (langsiktig eierskap i noterte selskaper)* for Stortinget 21. juni 2019. I proposisjonen vart det foreslått reglar for å gjennomføre SRD II artikkel 3g, 3h, 3i, 9a, 9b og 9c. Dette gjeld reglar om institusjonelle investorar og kapitalforvaltarar, openheit om lønna til leiinga og anna godtgjering og transaksjonar mellom selskapet og nærstående til det. Forslaga i Prop. 135 L (2018–2019) vart gjennomførte ved endringslov 6. desember 2019 nr. 77.
- I Prop. 136 LS *Endringer i aksjelovgivningene mv. (åpenhet om eierskap og deltakelse på generalforsamlingen) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 235/2020 og 236/2020 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv (EU) 2017/828 og forordning (EU) 2018/1212* vart det foreslått reglar som gjennomfører SRD II artikkel 3a til 3e. Dette gjeld reglar om identifikasjon av aksjeeigarar, overføring av opplysningar mellom selskapet og aksjeeigarar, og tilrettelegging for utøving av aksjeeigarrettar. I proposisjonen kapittel 1 står det at:

«Forslag til regler som gjennomfører krav i SRD II artikkel 3j om voteringsrådgivere vil bli fremmet i en egen proposisjon til Stortinget. Det tas sikte på at dette skjer våren 2021.»
- Forslag til reglar som skal gjennomføre krav i SRD II artikkel 3c nr. 2 om stadfesting og kontroll med elektronisk stemmegjeving på generalforsamlinga vart fremma i Prop. 140 L

(2020–2021) *Endringer i foretakslovgivningen (gjennomføring av møter og geografiske tilknytningskrav)*.

Prop. 136 LS (2020–2021) og Prop. 140 L (2020–2021) vart begge fremma for Stortinget 9. april 2021.

Dei tre proposisjonane omhandlar til saman alle føresegnene i SRD II, utan artikkel 3j om røystingsrådsgjevarar. Denne artikkelen blir foreslått gjennomført gjennom dette lovforslaget. For nærare omtale av SRD II artikkel 3j viser departementet til punkt 3.2 nedanfor.

Ei generell omtale av krava i aksjonærrettsdirektivet og SRD II finst i Prop. 136 LS (2020–2021) punkt 2.2. Uoffisiell omsetjing av SRD II følgjer som vedlegg til den proposisjonen.

2.2 Høyringsnotat av 18. november 2019

Nærings- og fiskeridepartementet sendte 18. november 2019 på offentlig høyring *Høyringsnotat om ny lov om røystingsrådsgjevarar og endringer i aksjelovgivningene mv. (SRD II, åpenhet og innflytelse)*. Høyringsfristen var 6. januar 2020.

Høyringsnotatet vart sendt til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Finanstilsynet
Forbrukerombudet
Konkurransetilsynet
Noregs Bank
Regelrådet
Skattedirektoratet
Statistisk sentralbyrå
Økokrim

Handelshøyskolen BI
Norges Handelshøyskole
Universitetet i Bergen

Universitetet i Oslo
Universitetet i Tromsø

AksjeNorge – Stiftelsen til fremme av
aksjemarkedet
Aksjonærforeningen i Norge
Association of Global Custodians European Focus
Committee
Den Norske Advokatforening
Den norske Revisorforening
Eiendom Norge
Energi Norge

Finans Norge
Finansforbundet
Finansieringsselskapenes Forening
Folketrygdofondet
Hovedorganisasjonen Virke
IKT Norge
Landsorganisasjonen i Norge
Nordic Association of Electricity Traders
Norsk Journalistlag
Norsk Kapitalforvalterforening
Norsk Redaktørforening
Norsk Venturekapitalforening
Norske Finansanalytikeres Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon
Pensjonskasseforeningen
Regnskap Norge
SMB Norge
Sparebankforeningen i Norge
Tax Justice Network Norge
Transparency International Norge
Verdipapirfondenes Forening
Verdipapirforetakenes Forbund

Aabø-Evensen & Co Advokatfirma AS
Advokatfirmaet BAHR AS
Advokatfirmaet Grette DA
Advokatfirmaet Haavind AS
Advokatfirmaet Hjort DA
Advokatfirmaet Pricewaterhouse Coopers AS
Advokatfirmaet Schjødt AS
Advokatfirmaet Selmer AS
Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS
Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig Trondheim AS
Advokatfirmaet Thommessen AS
Advokatfirmaet Wiersholm AS
Arntzen de Besche Advokatfirma AS
Brækhus Advokatfirma DA
Deloitte Advokatfirma AS
Ernst & Young Advokatfirma AS
Garmann, Mitchell & Co Advokatfirma DA
Kluge Advokatfirma DA
KPMG Law Advokatfirma DA

Kvale Advokatfirma DA
SANDS Advokatfirma DA
Wikborg Rein Advokatfirma AS

BN Bank ASA
Danske Bank NUF
DNB ASA
Handelsbanken NUF
Landkreditt Bank AS
Nasdaq Clearing Oslo NUF
Nasdaq Oslo ASA
Nordea Bank ABP, Filial i Norge
Nordic Trustee AS
Oslo Børs ASA
Pareto Bank ASA
SIX x-clear AG NUF
Skandinaviska Enskilda Banken AB (Publ.)
Oslofilialen NUF
SpareBank 1 Forvaltning AS
Sparebanken Sør
Verdipapirsentralen ASA

Følgjande instansar har hatt realitetsmerknader til
høyringsforslaget:

Finansdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Finanstilsynet
Skattedirektoratet
Statistisk sentralbyrå

Advokatforeningen
Den norske Revisorforening
Finans Norge
Landsorganisasjonen i Norge
Norsk Journalistlag
Norsk Kapitalforvalterforening
Norsk Redaktørforening
Næringslivets Hovedorganisasjon
Tax Justice Network – Norge
Verdipapirforetakenes Forbund

Brækhus Advokatfirma DA
Oslo Børs ASA
Verdipapirsentralen ASA

Av desse har følgjande instansar hatt realitets-
merknader til forslaget til lov om røystingsråd-
gevarar:

Justis- og beredskapsdepartementet
Finanstilsynet

Næringslivets Hovedorganisasjon
Brækhus Advokatfirma DA

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje har merknader til utgreiinga eller at dei ikkje ønskjer å gje svar på høyringa:

Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Samferdselsdepartementet

Utanriksdepartementet

Brønnøysundregistra
Datatilsynet

Høyringssvara er tilgjengelege på nettstaden til departementet.

3 Røystingsrådsgjevarar

3.1 Gjeldande rett

Det er per i dag ikkje ei særskild regulering av røystingsrådsgjeving som verksemd.

3.2 Krav til røystingsrådsgjevarar i endringsdirektivet

Føremålet til endringsdirektiv (EU) 2017/828 (SRD II) til aksjonærrettsdirektivet 2007/36/EF er å auke aksjeeigarar sin innverknad og leggje til rette for langsiktig eigarskap i noterte selskap. Fortalen viser til at mange institusjonelle investerar og kapitalforvaltarar nyttar tenestene til røystingsrådsgjevarar, som gjer undersøkingar og gjev råd og tilrådingar om korleis dei skal stemme på generalforsamling i noterte selskap, jf. fortalen punkt 25. Det står at røystingsrådsgjevarar har ei viktig rolle i selskapsstyring ved å bidra til å redusere kostnadene forbundne med analyse av selskapsopplysningar, men at dei òg kan ha stor innverknad på stemmeåtferda til investorar. Det står òg at særleg investorar med svært varierte porteføljar og mange utanlandske eigarinteresser nyttar røystingsrådsgjevarar, jf. punkt 25.

Røystingsrådsgjevarar er i SRD II artikkel 1 nr. 2 bokstav b definert som ein juridisk person som på profesjonelt og kommersielt grunnlag analyserer opplysningar frå selskap og annan relevant informasjon om selskap med sikte på å gje investorar informasjonsgrunnlag for røysting på generalforsamlinga, ved å tilby undersøkingar, råd eller røystingstilrådingar knytte til utøving av røysterett.

På grunn av rolla røystingsrådsgjevarane har bør desse vere underlagd krav til openheit, jf. fortalen punkt 26. Dei skal offentleggjere ei tilvising til åtferdsnormer som dei nyttar, gjere greie for korleis dei er følgde og andre særskilte opplysningar, jf. punkt 26. Føremålet med krava til openheit er ikkje å påleggje røystingsrådsgjevarane å offentleggjere opplysningar til skade for deira stilling i marknaden, jf. punkt 45.

For å sikre røystingsrådsgjevarar like konkurransevilkår uavhengig av heimstaten til røystings-

rådsgjevaren, gjeld pliktene etter SRD II òg for røystingsrådsgjevarar heimehøyrende i tredjestatar når dei utfører verksemda si via ein forretningsstad som er etablert i EØS, jf. fortalen punkt 27.

Etter SRD II artikkel 3j nr. 1 første avsnitt skal røystingsrådsgjevarar offentleggjere ei tilvising til ei åtferdsnorm som dei nyttar, og rapportere om korleis denne er følgd. Røystingsrådsgjevarar som ikkje nyttar ei åtferdsnorm, skal gje ei tydeleg og grunngeven forklaring på korfor dei ikkje har dette, jf. artikkel 3j nr. 1 andre avsnitt. Om røystingsrådsgjevaren nyttar ei åtferdsnorm, men fråvik nokon av tilrådingane i åtferdsnorma, skal røystingsrådsgjevaren opplyse om kva tilrådingar som er fråvikne, forklare årsakene til dette og opplyse om eventuelle alternative tiltak som er gjort. Føresegna er dermed basert på følg eller forklaringsprinsippet. Opplysningane skal offentleggjerast kostnadsfritt på nettstaden til røystingsrådsgjevaren og oppdaterast årleg, jf. tredje avsnitt.

I tillegg til åtferdsnorma skal røystingsrådsgjevarane opplyse om nokre særlege opplysningar knytte til korleis dei utarbeider undersøkingane, råda og røystingstilrådingane deira, jf. artikkel 3j nr. 2. Opplysningane omfattar:

- «(a) the essential features of the methodologies and models they apply;
- (b) the main information sources they use;
- (c) the procedures put in place to ensure quality of the research, advice and voting recommendations and qualifications of the staff involved;
- (d) whether and, if so, how they take national market, legal, regulatory and company-specific conditions into account;
- (e) the essential features of the voting policies they apply for each market;
- (f) whether they have dialogues with the companies which are the object of their research, advice or voting recommendations and with the stakeholders of the company, and, if so, the extent and nature thereof;
- (g) the policy regarding the prevention and management of potential conflicts of interests.»

Opplysningane i bokstav a til g ovanfor skal offentleggjerast på nettstaden til rådgevararen. Dei skal vere kostnadsfritt tilgjengelege i minst tre år, jf. artikkel 3j nr. 2 andre avsnitt første punktum. Opplysningar som allereie er offentleggjorde som del av åtferdsnorma treng ikkje offentleggjerast på nytt, jf. artikkel 3j nr. 2 andre avsnitt andre punktum.

Røytingsrådgevarar skal utan opphald identifisere og informere kundane sine om faktiske eller mogelege interessekonfliktar eller forretningssamband som kan påverke førebuinga av undersøkingar, råd og røytingstilrådingar, jf. artikkel 3j nr. 3. Røytingsrådgevarar skal opplyse om tiltak dei har gjort for å fjerne, avgrense eller handtere slike faktiske eller mogelege interessekonfliktar.

Artikkel 3j gjeld òg røytingsrådgevarar som korkje har sitt forretningskontor eller hovudkontor innanfor EØS, dersom dei utøver verksemd innanfor EØS, jf. artikkel 3j nr. 4.

Føreseigna skal gjelde dersom røytingsrådgevararen yter tenester til aksjeeigarar om aksjar i selskap som har sitt forretningskontor i ein medlemsstat, og som har aksjar tekne opp til notering på ein regulert marknad som ligg i eller driv verksemd i ein medlemsstat, jf. artikkel 1 nr. 1 bokstav d.

Kvar medlemsstat skal utarbeide reglar for røytingsrådgevarar som har forretningskontor i heimstaten, jf. artikkel 1 nr. 1 bokstav a. Har ikkje røytingsrådgevararen forretningskontor i ein medlemsstat, er det medlemsstaten der røytingsrådgevararen har sitt hovudkontor, som har ansvaret. Har ikkje røytingsrådgevararen forretningskontor eller hovudkontor i ein medlemsstat, er det medlemsstaten der røytingsrådgevararen har verksemd, som har ansvaret for utarbeiding av reglar.

Det følgjer av artikkel 14b at medlemsstatane skal fastsetje reglar om tiltak og sanksjonar for brot på nasjonale føresegner vedtekne i samsvar med SRD II, og treffe alle nødvendige tiltak for å sikre at dei blir gjennomførte. Tiltaka og sanksjonane skal vere effektive, forholdsmessige og avskrekkande.

3.3 Forslaget i høyringsnotatet

Departementet foreslo i høyringsnotat 18. november 2019 at kravet i SRD II artikkel 3j om regulering av verksemda til røytingsrådgevarar blir gjennomført i norsk rett ved oppretting av ei ny lov. Forslaget frå departementet var utarbeidd på nynorsk og vart kalla lov om røytingsrådgevarar.

Som grunngeving for å gjennomføre reglane i direktivet om røytingsrådgevarar i eiga lov vart det vist til at reguleringa i allmennaksjeloven primært skal gjelde sentrale rettar og plikter knytte til selskapa. Røytingsrådgeving er ei teneste ein-skilde aksjeeigarar og selskap nyttar som ledd i forvaltninga av eigarskap i aksjeporteføljen sin. Rådgevinga er dermed ikkje ein del av rettar og plikter utleia av allmennaksjeloven. Korleis aksjeeigarane rent praktisk utøver aksjeeigarrettane sine er ikkje ein del av allmennaksjeloven, så lenge det ikkje blir gjort i strid med allmennaksjeloven.

Forslaget til lov vart lagt tett opp til minimumskravane etter dei relevante føresegnene i SRD II. Dette inneber krav til offentleggjering av ei åtferdsnorm, plikt til å opplyse om ein-skilde særlege opplysningar som lista i SRD II artikkel 3j og føresegner om handtering av interessekonfliktar. Departementet foreslo at verksemda skulle bli lagt under tilsyn av Finanstilsynet, og at tilsynet kan sanksjonere ved brot på pliktene til røytingsrådgevararen etter lova.

3.4 Høyringsinstansane sitt syn

Forslaget til ny lov om røytingsrådgevarar vart kommentert av *Justis- og beredskapsdepartementet*, *Næringslivets Hovedorganisasjon* og *Brækhus Advokatfirma DA*. *Finanstilsynet* tok til etterretning at det vil vere tilsynsmyndigheit for røytingsrådgevarar, og påpeika at dette vil krevje ressursar.

Justis- og beredskapsdepartementet viste til at forslaget om ny lov om røytingsrådgevarar vil ha betydning for aksjeselskap, deira eigarar og rådgevarar. Det bad derfor departementet vurdere om det bør takast inn ein forskriftsheimel i lova om mogeleg bruk av lova på Svalbard. *Justis- og beredskapsdepartementet* viste i den samanhengen til aksjeloven § 1-1 fjerde ledd.

Næringslivets Hovedorganisasjon uttalte at den er einig i å samle føreseigna om røytingsrådgevarar i ei eiga lov, og at lova ikkje skal omfatte anna enn den typiske verksemda som slike rådgevarar driv.

Brækhus Advokatfirma DA påpeika at føreseigna om at lova berre gjeld rådgeving til eigarar av aksjar som er tekne opp til handel på regulert marknad i EØS, er ein del av det saklege verkeområde for lova. Advokatfirmaet oppfordra derfor til at heile føreseigna bør takast inn i § 1 første ledd. Advokatfirmaet skreiv òg at det er behov for ein klarare og meir presis definisjon av «røytingsråd».

gjevar» i lova. Etter advokatfirmaets vurdering rammar ordlyden i forslaget vidare enn det som er meint i høyringsnotatet, og det bad departementet vurdere behovet for ei negativ avgrensing av ordlyden.

3.5 Departementet si vurdering

3.5.1 Innleiing

Departementet foreslo i høyringsnotatet at SRD II artikkel 3j blir gjennomført ved ny lov om røytingsrådgjevarar. *Næringslivets Hovedorganisasjon* skreiv at dei er einig i at føresegna blir gjennomført ved ny lov. Ingen andre høyringsinstansar har motsette seg forslaget. Departementet opprettet i det vesentlege forslaget frå høyringsnotatet.

3.5.2 Sakleg verkeområde

Det saklege verkeområde til lova bør samanfalle med verkeområdet etter SRD II. Departementet skreiv i høyringsnotat 18. november 2019 om lovas saklege verkeområde:

«Voteringsrådgivere defineres som juridiske personer som driver virksomhet som voteringsrådgivere, jf. § 1. Definisjonen sammenfaller med definisjonen i SRD II. Det gjelder virksomhet som rådgiver om utøvelse av avstemning på generalforsamling i noterte selskaper med aksjer tatt opp til handel på regulert marked i EØS. Mange norske rådgivere gir i dag av og til råd om stemmeutøving på generalforsamling. Det gjelde særlig advokater, revisorer og finansielle rådgivere. Direktivet er ikke ment å omfatte slik virksomhet, men tar sikte på å regulere de som på bredt grunnlag analyserer informasjon fra og om målselskapet, og som på dette grunnlag utarbeider anbefalinger. Lovens virkeområde omfatter ikke rettsråd eller rådgivning av mer sporadisk art.»

Næringslivets Hovedorganisasjon skreiv at lovas saklege verkeområde ikkje bør femne vidare enn typisk verksemd som røytingsrådgjevarar driv. *Brækhus Advokatfirma DA* kommenterte at ordlyden i lovforslaget kan ramme vidare enn det som er meint i høyringsnotatet, og har bede departementet vurdere ein klarare definisjon av røytingsrådgjevarar i lova.

Som det går fram ovanfor, er ikkje føremålet med avgrensinga å femne vidare enn verkeområdet til direktivet. Departementet ser problem-

stillingane løfta av Brækhus Advokatfirma DA. Departementet foreslår derfor å avgrense ordlyden samanlikna med høyringsforslaget, slik at det kjem tydelegere fram at korkje advokatverksemd eller anna rådgjevingsverksemd som fell utanfor verkeområdet etter SRD II, er omfatta.

Advokatfirmaet skreiv òg at føresegna i høyringsforslaget § 2 tredje ledd etter deira vurdering passa betre innunder føresegna om det saklege verkeområde for lova. Dette fordi føresegna sett ei avgrensing på kva slags rådgjeving som fell innunder lova. Departementet er einig i innspelet.

Sjå forslaget til § 1 og merknadene til føresegna.

3.5.3 Lovas stadlege verkeområde

Departementet foreslo i høyringsnotatet at lova skal gjelde røytingsrådgjevarar som har forretningskontor i Noreg, røytingsrådgjevarar som har hovudkontor i Noreg om dei ikkje har forretningskontor i EØS og for røytingsrådgjevarar som har verksemd i Noreg, men ikkje hovudkontor eller forretningskontor innanfor EØS, jf. forslaget til § 2.

Justis- og beredskapsdepartementet har bede departementet vurdere behovet for ein heimel til å fastsetje reglar om bruken av lova på Svalbard.

Utgangspunktet er at norsk privatrett gjeld på Svalbard, om ikkje anna er fastsett, jf. lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard § 2 første ledd. Offentlegrettsleg lovgjeving gjeld på Svalbard om dette er fastsett særskilt i lov eller forskrift. Den nærare grensedraginga må vurderast konkret. Det er lagt til grunn i St.meld. nr. 22 (2008–2009) *Svalbard* punkt 5.3 at dei offentlegrettslege delane av nærings- og selskapslovgjevinga ikkje gjeld for Svalbard med mindre anna er særskilt fastsett. Vidare går det fram av St.meld. nr. 22 (2008–2009) punkt 5.3 og Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard* punkt 5.2 at bruken av regnskapsloven og bokføringsloven på Svalbard skulle vurderast som del av utgreiinga frå revisor- og regnskapsførerutvalget av ny revisorlov, og at ein samtidig òg skulle sjå nærare på bruken av nærings- og selskapslovgjevinga. I Prop. 37 LS (2019–2020) *Lov om revisjon og revisorer (revisorloven)*, *lov om endringer i lov om Folketrygdfondet og samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 102/2018 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2014/56/EU og forordning (EU) 537/2014* punkt 4.4 vart det foreslått at gjeldande rett først vidare, dvs. heimel for Kongen til å fastsetje reglar om lovas anvending på Svalbard. Føresegna er teken inn i lov 20. november 2020 om revisjon og revi-

sorer (revisorloven) § 1-1 andre ledd. Revisorloven tok til å gjelde 1. januar 2021.

Etter departementet si vurdering inneheld lovforslaget føresegner av både privat- og offentleg-rettsleg karakter. Spørsmålet om bruken av lova på Svalbard bør sjåast i samanheng med anna nærings- og selskapslovgjeving. Departementet foreslår derfor at det blir teke inn heimel for Kongen til å gje forskrift om bruken av lova på Svalbard og til å fastsetje særlege reglar ut frå tilhøva på staden.

Sjå forslaget til § 2 tredje ledd og merknadene til føresegna.

3.5.4 Åtferdsnormer

Departementet held fast ved forslaget i høyringsnotatet om at røytingsrådgjevarar skal offentleggjere informasjon om bruk av åtferdsnorma, med nokre språklege justeringar. Ingen av høyringsinstansane har omtalt forslaget.

Departementet foreslår at røytingsrådgjevarar skal offentleggjere ei tilvising til ei åtferdsnorm som rådgjevaren nyttar, og rapportere om korleis denne er følgd. Om røytingsrådgjevaren ikkje nyttar ei åtferdsnorm, foreslår departementet at røytingsrådgjevaren skal gje ei tydeleg og grunngjeven forklaring for dette. Om røytingsrådgjevaren nyttar ei åtferdsnorm, men fråvik nokon av tilrådingane i åtferdsnorma, foreslår departementet at røytingsrådgjevaren skal opplyse om kva tilrådingar som er fråvikne, grunngje dette og opplyse om eventuelle alternative tiltak som er gjort. Departementet foreslår at informasjonen skal haldast offentleg og kostnadsfritt tilgjengeleg på røytingsrådgjevaren sin nettstad, og oppdaterast kvart år.

Forslaget gjennomfører SRD II artikkel 3j nr. 1.

Sjå forslaget til § 3 og merknadene til føresegna.

3.5.5 Særlege opplysningar som skal publiserast

Departementet foreslår at røytingsrådgjevarar i tillegg til åtferdsnorma skal informere om særskilde opplysningar knytte til metode for utarbeiding av råd og tilrådingar. Dette inkluderer hovuddraga i metodane dei nyttar, informasjonskjelder, framgangsmåtar mv. Dette kravet gjeld i tillegg til kravet om rapportering av selskapets åtferdsnormer. Føresegna gjennomfører SRD II artikkel 3j nr. 2.

Ingen av høyringsinstansane har kommentert forslaget. Departementet held ved lag forslaget i

høyringsnotatet med nokre justeringar. Sjå forslaget til § 4 og merknadene til føresegna.

3.5.6 Interessekonflikhtar

Departementet foreslår at røytingsrådgjevarar skal opplyse om faktiske eller potensielle interessekonflikhtar. Kravet gjennomfører SRD II artikkel 3j nr. 3. Ingen av høyringsinstansane har gjeve innspel til forslaget. Departementet held ved lag forslaget i høyringsnotatet, og viser til forslaget til § 5 og merknadene til føresegna.

3.5.7 Tilsynsmyndigheit og registreringsplikt

Departementet foreslår at verksemdar som driv røytingsrådgjeving blir lagde inn under tilsyn av Finanstilsynet. Finanstilsynet har påpeika at dette vil krevje ressursar. Ingen av dei andre høyringsinstansane har kome med innspel til forslaget.

Då departementet ikkje er kjent med at det er røytingsrådgjevarar som driv verksemd i Noreg, legg departementet ikkje fram nærare reglar om registreringsplikt i lova. Departementet foreslår heimel til å gje forskrift om registrering av røytingsrådgjevarar om det blir meir utbreidd med slik verksemd i Noreg.

Sjå forslaget til § 6 og merknadene til føresegna.

3.5.8 Sanksjonar

Departementet foreslår føresegner som gjev Finanstilsynet heimel til å påleggje retting og gje lovbrotsgebyr for brot på føresegner i lova eller føresegner gjevne i medhald av lova. Etter SRD II skal sanksjonsreglar vere effektive, forholdsmessige og avskrekkande, jf. artikkel 14b.

Departementet foreslo i høyringsnotatet ei øvre grense for lovbrotsgebyret på ti millionar kroner. Departementet vekta omsynet til skadepotensialet for aksjeeigarar ved brot på pliktene etter lova, og vurderte at beløpet var tilstrekkeleg høgt til å verke avskrekkande. Den nærare vurderinga av nivået på lovbrotsgebyret må ein sjå på konkret, ut frå blant anna omsynet til forholdsmessigheit.

Det vart foreslått foreldingsfrist på fem år. Ein liknande frist følgjer av lov 29. juni 2007 nr. 75 om verdipapirhandel (verdipapirhandelloven) § 21-11 første ledd. Det er foreslått at foreldinga blir avbroten ved at Finanstilsynet gjev førhandsvarsel eller fattar vedtak om lovbrotsgebyr.

Sjå forslaget til § 7 og merknadene til føresegna.

4 Retting av feil i lovverket m.m.

Departementet foreslår retting av feil og inkuriar i fem lover som høyrer under Nærings- og fiskeridepartementet. Rettingane gjeld følgjande føresegner:

- lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak § 3-2
- lov 21. juni 1985 nr. 80 om prokura § 1 og § 2
- lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper § 8-10
- lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper § 1-4, § 3-11, § 3-13, § 3-16, § 3-19 og § 8-10
- lov 19. desember 2003 nr. 130 om Innovasjon Norge § 6, § 7 e og § 32

Rettingane er av ulik art. I nokre tilfelle har lovteksten blitt utdatert som ei følge av endringar i andre lover. I andre tilfelle gjeld det redaksjonelle feil eller inkuriar i det aktuelle lovvedtaket. Andre rettingar gjeld tekniske og kurante endringar. Rettingane er omtalte nærare i kapittel 6 Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget.

Då rettingane gjeld openberre feil og mindre tekniske tilpassingar og presiseringar i lovverket, har det ikkje blitt sett på som nødvendig å sende lovendringsforslaga på alminneleg høyring.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet fremmar forslag til ny lov om røystingsrådgjevarar. Røystingsrådgjevarar er aktørar som tilbyr tenester knytte til bruk av stemmeretten til aksjeeigarar. Denne aktiviteten har ikkje tidlegare vore lovregulert i Noreg.

Lovforslaget vil påleggje røystingsrådgjevarar plikter og administrative byrder. Departementet kjenner ikkje til røystingsrådgjevarar med forretningskontor i Noreg.

Internasjonalt er røystingsrådgjevarar vurderte å ha ei viktig rolle i selskapsstyring, ved å bidra til å redusere kostnadene forbundne med analyse av selskapsopplysningar, men at dei òg kan ha stor innverknad på stemmeåtferda til investorar. Dei foreslåtte reglane er meinte å sikre openheit omkring vurderingane og informasjonsgrunnlaget for røystingsrådgjevarane. Om nokre røystingsrådgjevarar etablerer seg i Noreg, kan reglane bidra til at aksjeeigarar, selskap og andre får innsyn i forhold som har verknad for eigarstyringa i norske selskap. Dette kan igjen auke tilliten til verksemd røystingsrådgjevarar utøver. Det kan òg auke tilliten til avgjerder som blir treft på generalforsamling i selskap, dersom ein røystingsrådgjevar har gjeve råd til ein aksjeeigar.

Proposisjonen gjennomfører blant anna plikter etter endringsdirektiv (EU) 2017/828 (SRD II) til aksjonærrettsdirektivet 2007/36/EF i norsk rett.

EØS-avtalen inneber at Noreg har plikt til å gjennomføre SRD II i norsk rett. Departementet

ser det derfor ikkje som føremålstenleg å skissere alternative løysingar eller utføre ein full gjennomgang av kostnadene opp mot nytta av reglane. Direktivet er eit minimumsdirektiv og gjev nasjonalt handlingsrom på enkelte område, men ikkje når det gjeld reguleringa av røystingsrådgjevarar i SRD II artikkel 3j.

Forslaga vil ikkje medføre vesentleg auka kostnader for offentleg forvaltning. Eventuelle auka kostnader for offentlege myndigheiter som følgje av forslaga blir dekte innanfor gjeldande budsjetttrammer. Det blir foreslått at Finanstilsynet skal føre tilsyn med røystingsrådgjevarar. Dersom røystingsrådgjevarar etablerer verksemd i Noreg, kan kostnadene ved tilsynet med dei bli utlikna på føretaka etter føresegna i lov 7. desember 1956 nr.1 om tilsynet med finansvirksomhet (finansstilsynslova) § 9. Kostnadene for det offentlege forbundne med tilsyn er venta å vere marginale.

Retting av feil i lovverket medfører at lovverket blir enklare tilgjengeleg, og risikoen for misforståingar og forvirring hos brukarane av lovverket blir redusert. Forslaga til rettingar i endringslova inneber ikkje endringar av realiteten. Dei har derfor ikkje andre økonomiske eller administrative konsekvensar.

6 Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget

6.1 Til ny lov om røystingsrådgjevarar

Til § 1 Sakleg verkeområde

Paragrafen fastset det saklege verkeområde for lova.

Første ledd gjev ein definisjon av røystingsrådgjevar. Røystingsrådgjevar er ein juridisk person som på profesjonelt og kommersielt grunnlag analyserer opplysningar frå selskap og annan relevant informasjon om selskap med det føremålet å gje aksjeeigarar informasjonsgrunnlag for røysting på generalforsamlinga, gjennom undersøkingar, råd eller røystingstilrådingar knytte til utøving av røysterett. Området føresegna gjeld er meint å vere det same som etter endringsdirektiv (EU) 2017/828 (SRD II) til aksjonærrettsdirektivet 2007/36/EF.

Andre ledd inneber at lova berre gjeld for rådgjeving knytt til aksjar i selskap som har forretningskontor innanfor EØS, og som har aksjar tekne opp til handel på regulert marknad i EØS. Med «regulert marknad» blir det sikta til definisjonen i verdipapirhandeloven § 2-7 fjerde ledd.

Tredje ledd gjev departementet heimel til å fastsetje forskrift med nærare føresegn om røystingsrådgjevarar.

Til § 2 Stadleg verkeområde

Paragrafen omhandlar det stadlege verkeområde for lova. Verkeområdet er meint å vere det same som fastet i SRD II artikkel 1 nr. 1 a).

Etter *første ledd* gjeld lova verksemd til røystingsrådgjevarar med forretningskontor i Noreg. Forretningskontor visar til røystingsrådgjevaren sitt registrerte kontor i Føretaksregisteret eller tilsvarende register.

Etter *andre ledd* gjeld lova òg for røystingsrådgjevarar utanfor Noreg dersom rådgjevaren har hovudkontor i Noreg, men ikkje forretningskontor innanfor EØS. Tilsvarende gjeld lova òg dersom røystingsrådgjevaren driv verksemd i Noreg utan at rådgjevaren har hovudkontor eller forretningskontor innanfor EØS.

Tredje ledd gjev Kongen heimel til å gje forskrift om bruken av lova på Svalbard, og til å fastsetje særlege reglar ut frå tilhøva på staden.

Til § 3 Åtferdsnorm for verksemda

Paragrafen gjeld krav til at røystingsrådgjevarar skal offentleggjere informasjon om bruk av åtferdsnorm. Med åtferdsnorm siktar ein til røystingsrådgjevaren sine reglar og retningsliner for utøvinga av rådgjevingverksemda si. Føresegna gjennomfører SRD II artikkel 3j nr. 1, og er basert på eit følg eller forklar-prinsipp.

Første ledd stiller opp ei plikt for røystingsrådgjevarar til å offentleggjere ei tilvising til verksemda si åtferdsnorm for utarbeiding av undersøkingar, råd og røystingstilrådingar. Røystingsrådgjevaren skal i tillegg rapportere om korleis denne er følgd.

Andre ledd omhandlar tilfelle der røystingsrådgjevaren ikkje nyttar ei åtferdsnorm, eller der røystingsrådgjevaren fråvik nokre av tilrådingane i åtferdsnorma. Røystingsrådgjevaren skal i så tilfelle gje ei tydeleg og grunngeven forklaring for dette. Er det gjort alternative tiltak, skal røystingsrådgjevaren opplyse om dette.

Tredje ledd stiller opp ei plikt for røystingsrådgjevaren til å offentleggjere informasjon etter første og andre ledd på nettstaden sin. Opplysningane skal vere kostnadsfritt tilgjengelege på nettstaden, og oppdaterast kvart år.

Fjerde ledd stiller opp krav til at opplysningane blir offentleggjorde på norsk eller eit anna språk som er ålment godkjent i finansmarknaden.

Til § 4 Særlege opplysningar

Paragrafen gjeld krav til offentleggjering av særskilde opplysningar, og kjem i tillegg til kravet til offentleggjering av informasjon om bruk av åtferdsnorm etter § 3. Føresegna gjennomfører SRD II artikkel 3j nr. 2.

Første ledd fastset årleg offentleggjeringsplikt for nærare gjevne opplysningar om grunnlaget for undersøkingar, råd og røystingstilrådingar. Opp-

lysningane er uttømmande lista i bokstav a til g i føresegna.

Andre ledd regulerer korleis opplysningane etter første ledd skal offentleggjerast. Opplysningane skal haldast offentleg og kostnadsfritt tilgjengelege på nettstaden til røytingsrådgevararen, og haldast offentleg i minst tre år frå dato for offentleggjeringa. Opplysningar lista i § 4 første ledd som allereie inngår i åtferdsnorma etter § 3, treng ikkje å publiserast særskild etter denne paragrafen.

§ 5 Plikt til å opplyse om interessekonfliktar

Paragrafen omhandlar plikt til å opplyse om interessekonfliktar. Føresegna gjennomfører SRD II artikkel 3j nr. 3.

Etter *første punktum* skal røytingsrådgevararen utan opphald identifisere og opplyse kundane sine om faktiske eller potensielle interessekonfliktar som kan påverke førebuinga av undersøkingar, råd eller røytingsråd. *Andre punktum* fastset at det skal opplysast om kva for tiltak som er gjorde for å fjerne, avgrense eller handtere interessekonfliktane.

§ 6 Tilsyn, registreringsplikt og opplysningsplikt

Paragrafen gjeld offentleg tilsyn med røytingsrådgevarverksemd.

Første ledd fastset at Finanstilsynet er tilsynsmyndigheit. Tilsyn frå Finanstilsynet er nærare regulert av lov 7. desember 1956 nr. 1 om tilsynet med finansforetak mv., jf. § 1 første ledd nr. 21.

Andre ledd gjev heimel til å fastsetje i forskrift føresegn om registreringsplikt og opplysningsplikt overfor Finanstilsynet.

§ 7 Pålegg og lovbrotsgebyr

Paragrafen omhandlar tiltak og sanksjonar ved brot på lova eller føresegner gjeve med heimel i lova.

Første ledd gjev Finanstilsynet heimel til å påleggje retting ved brot på plikter etter lova eller føresegner gjevne i medhald av lova.

Andre ledd første punktum gjev heimel for Finanstilsynet til å gje lovbrotsgebyr ved brot på ei eller fleire plikter gjevne i medhald av lova eller forskrift i medhald av lova. *Andre punktum* fastset øvre ramme for utmåling av lovbrotsgebyr.

Tredje ledd første punktum fastset at foreldingsfristen for å gje lovbrotsgebyret er fem år etter at

brota på føresegnene vart stansa. Etter *andre punktum* blir foreldingsfristen avbrote ved førehandsvarelse frå Finanstilsynet, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 16, eller vedtak om lovbrotsgebyr.

§ 8 Ikraftsetjing

Paragrafen fastset at lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

6.2 Til endringane i føretaksregisterlova

Til namnet på lova

Lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak har i dag ikkje ein offisiell korttittel. Det uoffisielle kortnamnet er «foretaksregisterloven», og departementet foreslår at dette blir teke inn i tittelen til lova.

Til § 3-2

Andre ledd viser i dag til lov 10. juni 2005 nr. 44 om forsikringsselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet mv. Krava til kjønnsrepresentasjon i styret i gjensidige forsikringsselskap er no regulert i lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern § 8-4 femte ledd. Krava til styrerepresentantar valt av tilsette er no regulert i same lova § 8-4 tredje og fjerde ledd. Departementet foreslår å rette tilvisinga.

Andre ledd viser òg til føresegner i «lov om samvirkeforetak». Departementet foreslår å rette dette slik at tilvisinga er til denne lovas offisielle tittel; lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak.

6.3 Til endringane i prokuralova

Til § 1

Andre ledd inneheld ei tilvising til lov om registrering av føretak. Departementet foreslår å endre tilvisinga til lovas nye korttittel.

Til § 2

Andre punktum inneheld ei tilvising til registerlova. Den aktuelle lova vil no få ein offisiell korttittel; «foretaksregisterloven». Departementet foreslår å endre tilvisinga til den nye korttittelen.

6.4 Til endringane i aksjeloven

Til § 8-10

Ved endringslov 21. juni 2019 nr. 41 vart føresegna om innsideinformasjon i verdipapirhandeloven § 3-2 oppheva og erstatta av føresegna i marknadsmissbruksforordninga. Verdipapirhandelloven § 3-1 gjennomfører marknadsmissbruksforordninga ved inkorporasjon, og føresegna i forordninga gjeld som lov. Endringa tredde i kraft 1. mars 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga til «verdipapirhandeloven § 3-2» i aksjeloven § 8-10 *åttande ledd andre punktum* endrast til «markedsmissbruksforordninga artikkel 7, jf. verdipapirhandeloven § 3-1». Departementet foreslår å rette dette.

Ved endringslov 14. desember 2018 nr. 95 vart det teke inn eit nytt andre ledd i aksjeloven § 8-7. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga i § 8-10 *tiande ledd andre punktum* til «§ 8-7 tredje ledd nr. 3» endrast til «§ 8-7 fjerde ledd nr. 3». Departementet foreslår å rette dette.

6.5 Til endringane i allmennaksjeloven

Til § 1-4

Ved endringslov 6. desember 2019 nr. 77 vart § 6-16 a endra, slik at paragrafen ikkje lenger inneheld ei opplisting av ulike former for godtgjering i første ledd tredje punktum. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Allmennaksjeloven § 1-4 *første ledd og andre ledd første punktum* inneheld begge ei tilvising til § 6-16 a første ledd tredje punktum nr. 3. Som ein konsekvens av lovendringa må tilvisinga fjernes. Departementet foreslår å rette dette. Endringa skal ikkje ha nokon effekt for innhaldet i § 6-16 a.

Ved endringslov 14. desember 2018 nr. 95 vart det teke inn eit nytt andre ledd i allmennaksjeloven § 8-7. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga i § 1-4 *andre ledd første punktum* til «§ 8-7 første og tredje ledd» endrast til «§ 8-7 første og fjerde ledd». Departementet foreslår å rette dette.

Til § 3-11

Ved endringslov 14. desember 2018 nr. 95 vart det teke inn eit nytt andre ledd i allmennaksjeloven § 8-7. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga i § 3-11 *tredje ledd første punktum* til «§ 8-7 tredje ledd nr. 3» endrast

til «§ 8-7 fjerde ledd nr. 3». Departementet foreslår å rette dette.

Til § 3-13

Ved endringslov 14. desember 2018 nr. 95 vart det teke inn eit nytt andre ledd i allmennaksjeloven § 8-7. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga i § 3-13 *andre punktum* til «§ 8-7 tredje ledd nr. 3» endrast til «§ 8-7 fjerde ledd nr. 3». Departementet foreslår å rette dette.

Til § 3-16

Ved endringslov 14. desember 2018 nr. 95 vart det teke inn eit nytt andre ledd i allmennaksjeloven § 8-7. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga i § 3-16 *nr. 6* til «§ 8-7 tredje ledd første punktum nr. 2 og 3, jf. annet punktum» endrast til «§ 8-7 fjerde ledd første punktum nr. 2 og 3, jf. annet punktum». Departementet foreslår å rette dette.

Til § 3-19

Ved endringslov 14. desember 2018 nr. 95 vart det teke inn eit nytt andre ledd i allmennaksjeloven § 8-7. Endringa tredde i kraft 1. januar 2021. Som ein konsekvens må tilvisinga i § 3-19 *tredje ledd første punktum* til «§ 8-7 tredje ledd nr. 3» endrast til «§ 8-7 fjerde ledd nr. 3». Departementet foreslår å rette dette.

Til § 8-10

Forslaga til endringar i § 8-10 tilsvarer forslaga til endringar i aksjeloven § 8-10. Det blir vist til merkningen til den føresegna.

6.6 Til endringane i lov om Innovasjon Norge

Til § 6

Tredje ledd viser i dag til lov 18. juli 1958 nr. 2 om offentlige tjenestetvister (tjenestetvistloven) og lov 4. mars 1983 nr. 3 om statens tjenestemenn m.m. (tjenestemannsloven). Tjenestemannsloven er oppheva og erstatta med lov 16. juni 2017 nr. 67 om statens ansatte mv. (statsansatteloven). Departementet foreslår at lov om Innovasjon Norge § 6 tredje ledd blir oppdatert i tråd med dette.

I tillegg fjernes tilvisingane til korttitlene til tjenestetvistloven i tredje ledd, og til kommune-

loven i *fjerde ledd*, ettersom disse er overflødige ved siden av lovenes fulle titlar.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

Til § 7 e

I *første ledd* foreslår departementet å rette ein skrivefeil ved at «36 a» blir endra til «§ 36 a».

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om røytingsrådgjevarar og lov om endringar i føretakslovgjevinga (retting av feil m.m.).

Til § 32

I *tredje ledd første punktum* foreslår departementet å rette ein skrivefeil ved at «tilstedværende» blir endra til «tilstedeværende».

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om røytingsrådgjevarar og lov om endringar i føretakslovgjevinga (retting av feil m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

A

Forslag

til lov om røytingsrådgevarar

§ 1 *Sakleg verkeområde*

(1) Lova gjeld for røytingsrådgevarar. Røytingsrådgevar tyder i lova her ein juridisk person som på profesjonelt og kommersielt grunnlag analyserer opplysningar frå selskap og annan relevant informasjon om selskap med sikte på å gje aksjeigarar informasjonsgrunnlag for røyting på generalforsamlinga, gjennom undersøkingar, råd eller røytingstilrådingar knytte til utøving av røyterett.

(2) Lova gjeld berre for tenester etter første leddet som gjeld aksjar i selskap som har forretningskontoret sitt i ein EØS-stat, og som har aksjar tekne opp til handel på ein regulert marknad i EØS.

(3) Departementet kan gje forskrift med nærare føresegner om røytingsrådgevarar.

§ 2 *Stadleg verkeområde*

(1) Lova gjeld verksemd som er driven av røytingsrådgevarar med forretningskontor i Noreg.

(2) Lova gjeld òg verksemd som er driven av røytingsrådgevarar frå andre land om:

- a) røytingsrådgevararen har hovudkontor i Noreg, men ikkje forretningskontor innanfor EØS, eller
- b) røytingsrådgevararen driv verksemd i Noreg utan at røytingsrådgevararen har forretningskontor eller hovudkontor innanfor EØS.

(3) Kongen kan gje forskrift om bruken av lova på Svalbard og fastsetje særlege reglar ut frå tilhøva på staden.

§ 3 *Åtferdsnorm for verksemda*

(1) Ein røytingsrådgevar skal offentleggjere ei tilvising til ei åtferdsnorm som rådgevararen nyttar, og rapportere om korleis norma er følgd.

(2) Om røytingsrådgevararen ikkje nytta nokon åtferdsnorm, skal røytingsrådgevararen gje ei tydeleg og grunngeven forklaring for dette. Om røytingsrådgevararen nyttar ei åtferdsnorm, men fråvik nokon av tilrådingane i åtferdsnorma, skal røytingsrådgevararen angje kva tilrådingar som er fråvikne, grunngeve fråvika og opplyse om eventuelle alternative tiltak som er gjorde.

(3) Opplysningar som nemnde i første og andre ledd skal vere offentleg og kostnadsfritt tilgjengelege på nettstaden til røytingsrådgevararen. Opplysningane skal oppdaterast kvart år.

(4) Opplysningane skal offentleggjerast på norsk eller eit anna språk som er ålment godkjent i finansmarknaden.

§ 4 *Særlege opplysningar*

(1) Ein røytingsrådgevar skal kvart år offentleggjere følgjande opplysningar om korleis rådgevararen førebur undersøkingar, råd og røytingstilrådingar:

- a) hovuddraga i dei metodane og modellane som er nytta
- b) dei viktigaste informasjonskjeldene som er nytta
- c) framgangsmåtane som er innførte for å sikre kvaliteten på undersøkingane, rådgevinga og røytingstilrådingane og kvalifikasjonane til dei tilsette som deltek
- d) om og eventuelt korleis dei tek omsyn til tilhøve i dei nasjonale marknadene og til juridiske, regulatoriske og selskapsspesifikke tilhøve
- e) hovuddraga i retningslinene for stemmegjeving som dei nyttar for den einskilde marknaden
- f) om dei har dialog med selskapa som undersøkingane, rådgevinga eller røytingstilrådingane gjeld, og med interessentar i desse selskapa, og i så fall omfanget og karakteren til dialogen
- g) retningslinene for førebygging og handtering av potensielle interessekonfliktar.

(2) Opplysningane som er nemnde i bokstav a til g skal vere offentleg og kostnadsfritt tilgjengelege på nettstaden til røytingsrådgevararen i minst tre år etter datoen for offentleggjeringa. Dette gjeld ikkje opplysningar som allereie er offentleggjorde etter § 3. § 3 fjerde leddet gjeld på tilsvarende måte.

§ 5 *Plikt til å opplyse om interessekonfliktar*

Ein røytingsrådgevar skal utan opphald identifisere og opplyse kundane sine om faktiske eller

potensielle interessekonfliktar, inkludert forretningssamband, som kan påverke førebuinga av undersøkingar, råd eller røystingstilrådingar. Røystingsrådgjevaren skal samstundes opplyse om kva for tiltak som er gjorde for å fjerne, avgrense eller handtere desse interessekonfliktane.

§ 6 *Tilsyn, registreringsplikt og opplysningsplikt*

(1) Finanstilsynet fører tilsyn etter finansstilsynslova med verksemd som røystingsrådgjevarar driv etter lova her.

(2) Departementet kan gje forskrift med utfyllande føresegner om plikt til å registrere seg for å drive verksemd som røystingsrådgjevar og opplysningsplikta røystingsrådgjevarar har overfor Finanstilsynet.

§ 7 *Pålegg og lovbrotsgebyr*

(1) Dersom ein røystingsrådgjevar bryr pliktene sine etter lova her eller forskrift gjevne i medhald av lova her, kan Finanstilsynet påleggje rådgjevaren å rette brota innan ei viss tid.

(2) Finanstilsynet kan gje lovbrotsgebyr ved brot på føresegnene i lova her eller føresegner gjevne i medhald av lova her. Lovbrotsgebyret skal ikkje vere høgare enn kr 10 millionar.

(3) Høvet for Finanstilsynet til å gje lovbrotsgebyr vert forelda fem år etter at brota på føresegnene vart stansa. Fristen vert avbroten når Finanstilsynet gjev førehandsvarsel eller tek avgjerd om lovbrotsgebyr.

(4) Departementet kan gje forskrift med nærare føresegner om pålegg og lovbrotsgebyr.

§ 8 *Ikraftsetjing*

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

B**Forslag****til lov om endringar i føretakslovgjevinga (retting av feil m.m.)****I**

Lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak blir endra slik:

Lovas tittel skal lyde:

Lov om registrering av foretak (*foretaksregisterloven*)

§ 3-2 andre ledd skal lyde:

For samvirkeforetak, boligbyggelag og gjensidige forsikringsselskaper skal registeret også inneholde opplysninger om foretaket er underlagt krav til kjønnsrepresentasjon i styret etter lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak § 69, lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag § 6-4 a og lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern § 8-4 femte ledd. Dersom foretaket er underlagt et krav til kjønnsrepresentasjon, skal registeret også inneholde opplysninger om styremedlemmers og varamedlemmers kjønn, og om de er valgt blant de ansatte etter reglene i lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak § 67, lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag § 6-4 og lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern § 8-4 tredje og fjerde ledd.

II

Lov 21. juni 1985 nr. 80 om prokura blir endra slik:

§ 1 andre ledd skal lyde:

Om registrering av prokura gjelder bestemmelsene i *foretaksregisterloven*.

§ 2 andre punktum skal lyde:

Annen innskrenkning i prokuristens fullmakt etter § 1 kan ikke registreres (jf. *foretaksregisterloven* § 3-7 tredje ledd) og heller ikke gjøres gjeldende overfor godtroende tredjemann.

III

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper blir endra slik:

§ 8-10 åttande ledd andre punktum skal lyde:

Innsideinformasjon etter *markedsmisbruksforordningen artikkel 7*, jf. *verdipapirhandelloven* § 3-1, skal ikke sendes Foretaksregisteret.

§ 8-10 tiande ledd andre punktum skal lyde:

Tilsvarende gjelder for erverv av aksjer av eller for ansatte i selskap i samme konsern eller foretaksgruppe som nevnt i § 8-7 fjerde ledd nr. 3.

IV

Lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper blir endra slik:

§ 1-4 skal lyde:

§ 1-4 *Selskaper som er likestilt med konsernselskaper*

(1) Følgende regler om morselskap gjelder også når morselskapet er aksjeselskap: § 3-8, § 6-5, § 6-16 første ledd, § 6-35 femte ledd, § 8-5, §§ 8-7 til 8-10 og § 9-8.

(2) Følgende regler om datterselskap gjelder også for datterselskap med utenlandsk morselskap: § 3-8, § 4-25, § 6-16 første ledd, § 8-7 første og tredje ledd, §§ 8-8 til 8-10, § 9-1 første ledd og § 9-8. Reglene i §§ 4-25 og 6-16 gjelder ikke for utenlandsk datterselskap.

§ 3-11 tredje ledd første punktum skal lyde:

Ved vurderingen av om en avtale er vesentlig etter første ledd skal avtaler som selskapet eller et annet foretak i samme konsern eller foretaksgruppe, jf. § 8-7 fjerde ledd nr. 3, har inngått med samme tilknyttet part i samme regnskapsår, regnes sammen.

§ 3-13 andre punktum skal lyde:

Ved avstemningen kan stemmerett ikke utøves for aksjer som eies av den tilknyttede parten eller av et annet foretak i samme konsern eller foretaksgruppe, jf. § 8-7 fjerde ledd nr. 3, som den tilknyttede parten.

§ 3-16 nr. 6 skal lyde:

6. avtale som omfattes av § 8-7 fjerde ledd første punktum nr. 2 og 3, jf. annet punktum, dersom morselskapet eller den juridiske personen eier samtlige aksjer i selskapet,

§ 3-19 tredje ledd første punktum skal lyde:

Ved vurderingen av om en avtale er vesentlig etter annet ledd skal avtaler som datterselskapet eller et annet foretak i samme konsern eller foretaksgruppe, jf. § 8-7 fjerde ledd nr. 3, har inngått med samme tilknyttet part i samme regnskapsår, regnes sammen.

§ 8-10 sjuande ledd andre punktum skal lyde:

Innsideinformasjon etter markedsmissbruksforordningen artikkel 7, jf. verdipapirhandelloven § 3-1, skal ikke sendes Foretaksregisteret.

§ 8-10 niande ledd andre punktum skal lyde:

Tilsvarende gjelder for erverv av aksjer av eller for ansatte i selskap i samme konsern eller foretaksgruppe som nevnt i § 8-7 fjerde ledd nr. 3.

V

Lov 19. desember 2003 nr. 130 om Innovasjon Norge blir endra slik:

§ 6 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Lov 18. juli 1958 nr. 2 om offentlige tjenestetvister og lov 16. juni 2017 nr. 67 om statens ansatte mv. gjelder ikke for ansatte i selskapet.

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner § 14-19 gjelder ikke for indirekte garantier som fylkeskommunene stiller overfor selskapet.

§ 7 e første ledd skal lyde:

Utdeling av selskapets midler til eierne som ikke skjer ved nedsettelse av innskuddskapitalen, jf. § 7 d eller ved oppløsning, jf. § 36 a, kan bare foretas som utdeling av utbytte.

§ 32 tredje ledd første punktum skal lyde:

Protokollen skal underskrives av møtelederen og en annen person som velges blant de *tilstedeværende*.

VI

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
